

KYRKJEBLAD FOR ÅL



ANDAKT / GUDSTENESTE-REFORM FRÅ 1. PINSEDAG / INGEBOG SKJERVHEIM
MISJONSRÅDET / UTFORDRINGAR OG HÅP / PÅSKEVANDRING

NR. 2 | 2021 | 62. ÅRGANG



*Se, nå maler Gud med nye farger, trærne, gresset, blomster, fuglesang.
Våren leker fritt og livet synger, lokker fram det beste fra Guds fang.*

Misjonsbefalingen

«Skal kirken tjene brukere eller vinne sjeler?» Det er kommentator Frank Rossavik som stiller spørsmålet i Aftenposten 11. februar. For å illustrere dette spennet viser Rossavik til pave Pius XIII, samt kommunikasjonsdirektøren i Den norske kirke. Sistnevnte sier at «Passende tale er å sette publikums behov foran kristen forkynnelse.»

Pius XIII befinner seg, ikke overaskende, et litt annet sted på skalaen. I dramaserien «Den unge paven» oppfordrer han kardinalene til å bli mer «utilgjengelige og mystiske. Det er bare slik vi på ny kan fremstå som attråverdig», sier han. Det er store forventninger til den unge paven. Håpet er at han skal modernisere kirken, ta grep som gjør at den passer bedre inn i tiden. I stedet tar paven tilsvarende større skritt i konservativ retning.

Kirken må være forsiktig med å tilpasse seg. Den skal følge med i

I KYRKJEPORTEN



Av Arne Jensen

tiden, men ikke bli styrt av den. Kirkens mål er definert av Jesus selv i misjonsbefalingen. Til disiplene da, og i dag, sier han: «Gå ut og gjør alle folkeslag til disipler. Døp dem, og lær dem å holde alt jeg har befalt dere» (Matt. 28,18-20). Grunnen til at vi driver misjon er den at det finnes både frelse og fortapelse. Det var også dette som var drivkraften hos Jesus, han som vil at alle mennesker skal bli frelst.

Tjene brukere eller vinne sjeler? Vi skal fortsette å tjene. Men dersom vårt virke er begrenset til dette, holder vi tilbake det viktigste. I ytterste konsekvens kan kirken tilpasse seg så mye at den blir usynlig. Det er én måte å motvirke dette på. Spisse budskapet og tydeliggjøre læren, ikke minst ved å tale mer om frelse. Kirken må skille seg ut, vise at den er noe annet! Først da kan mennesker se at troen på Jesus gjør en forskjell.



(Foto: Preben Ørpedal/Solberg, Hallingdalen)

Godt å koma opp or isvatnet! Prost Sveinung Hansen saman med diakon Hilde Kirkebøen.

Prosten måtte isbade

- Du hyperventilerte ikkje ein gong! Du er den fødte isbadar!

Det sa ein tydeleg imponert diakon, Hilde Kirkebøen, då sjølvaste prosten, alltid roleg, isbada i Hallingdalselva for Kirkens Nødhjelp og fasteaksjonen. Han kunne ikkje anna enn å hoppa uti, Sveinung Hansen. Ein lovnad er ein lovnad! Før fasteaksjonen hadde prosten nemlig lova, etter litt forvirring, at om hallingane klarte å samla inn meir enn 100.000 kr til Kirkens Nødhjelp, ja, då skulle han jammen kasta seg ut i det kalde isvatnet også. Den samla summen for fasteaksjonen i Hallingdal vart på heile 176.730 kr! Ikkje rart at prosten måtte kle på seg vinter-badetøyet: shorts og t-skjorte, lue og vottar og badesokkar - og berre la det stå til.

PS. Prosten vart ikkje forkjøla.

TUSEN TAKK!

Til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon i 2021 i Ål kom det inn 79.834 kroner. På landsplan har det kome inn vel 20,3 millionar kroner.

Gjennom kyrkjebladet takkar diakon Hilde Kirkebøen konfirmentar, foreldre og alle som har bidratt til den digitale bøssa, alle som har gitt via sms, kontonummer, kollekt og sponsormidlar via konsernten på Kafe TID og HallingTV. Takk til bedrifter og privatpersonar som gav pengar, og takk til prost Sveinung Hansen som tok eit isbad for Kirkens Nødhjelp! skriv diakonen mellom anna.



REINT VATN REDDAR LIV.
FORANDRE. FOR ANDRE.
fasteaksjonen.no

TAKK FOR STØTTA UNDER
ÅRETS FASTEAKSJON!

Fekk du ikkje gitt?
Vipps valfritt beløp til 2426
SMS VANN til 2426 (250,-)
Eller gi på konto 1594 22 87493



KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Arne Jensen • Liv Margit Sørbøen

BANKGIRO 2320.20.70272 | VIPPS 627063 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag-fredag kl. 08.30-14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no

PROST Sveinung Hansen | PROSTIPREST Arne Jensen | SOKNEPREST Vigdis Moen Storhaug | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito
KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Kristine Giljebrekke Andersen | REINHOLDAR Rezene Habtom
KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Morten Storhaug • Tom Vidar Myrestølen | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Er trua vår tom?

Frå 1.Kor 15,14: Men har ikkje Kristus stått opp, er bodskapen vår tom, og tom er òg trua dykkar.

Her set Paulus alt på eitt kort. Det er kanskje så enkelt å diskvalifisere alle kristne? Alle veit jo at døde ikkje kan stå opp, sikkert dei som kallar seg kristne også om dei er ærlege. Kanskje dei kunne få seg til å tru slikt for 2000 år sidan, men no veit me jo sjølv sagt mykje meir om korleis ting heng saman.

Når eg tenkjer meg om, så trur eg vel at dei på Jesu tid visste like godt som oss at døde ikkje står opp. Dei levde nærare på realitetane den gongen enn me gjer no. Og sjølv om me ser Jesus antyde at han skulle stå opp att, er det ikkje noko som tyder på at dette var noko venene til Jesus forstod eller tok inn over seg. Etter at Jesus var drepent, låg dei så lågt i terrenget

som dei kunne. Dei var både livredde og skuffa.

Historikarar ser på dei ulike skriftene i Bibelen som historiske kjelder frå antikken på linje med andre kjelder frå den tida. Det ser ut til å vere nokre fakta dei kan einast om:

1. Jesus vart drepen på ein kross av romerske soldatar.
2. Han vart lagt i ei grav sjølv om dette ikkje var vanleg etter krossfesting.
3. Denne grava var tom nokre dagar etter og kroppen vart ikkje funnen.



Foto: pixabay

.....
ANDAKT



Av Torfinn Slåtto

4. Venene til Jesus vart overtydd om at Jesus hadde stått opp og vitna om dette, sjølv om dei risikerte forfølging.

5. Nokre tidlegare motstandarar av Jesus vart også overtydd om dette, sjølv om det var lite å tene på det for dei også.

Det er vanskeleg å kome til rette med alt dette berre med naturlege forklaringar. Kan svaret vere så enkelt at Jesus verkeleg vart reist opp frå dei døde slik dei kristne har hevda i snart 2000 år? Då fell mykje på plass.

Gudsteneste-reform frå 1. pinsedag

AV SOKNEPREST VIGDIS MOEN STORHAUG

I 2011 var det ei stor gudsteneste-reform i Den norske kyrkja. Tanken var at gudstenesta skulle ha meir lokalt særpreg. At kvart sokn skulle ha si eiga gudsteneste. Det resulterte i ein lang prosess. Både i sokneråd og stabar, før biskopen godkjende den lokale grunnordninga.

Kjerneverdier

Tre kjerneverdier var viktige i prosessen; fleksibilitet, involvering og stadeigengjering.

Ordet stadeigengjering kling ikkje godt på nynorsk. Tanken var derimot god. Gudstenesta skulle vere forankra i lokal kultur og lokale tradisjonar.

Involvering. Når ein kjem til kyrkja, er ein ikkje publikum, men deltakar. Det er ikkje presten eller andre tilsette si gudsteneste. Det er kyrkjelyden si gudsteneste. Vi møtest i Guds hus og feirar gudsteneste for hans andlet.

Dette blir synleggjort ved at fleire deltek aktivt. Til dømes med informasjon, bibellesing, bønner og utdeling av nattverd. Både barn og vaksne.

Ønsket om fleksibilitet var utgangspunktet for heile reforma. Ungdommen sitt kyrkjemøte ønskte meir varierte uttrykksmåtar i gudstenesta. Ikkje minst musikalsk. Dei ønskte òg større valfridom med tanke på dei liturgiske ledda. Slik vart det likevel ikkje. Gudstenesteliturgien er å rekne som norsk lov, og vi er forplikta til å følge dei gjevne rammene.

Ulike røynsler

Dei ti åra som er gått, syner ulik erfaring med reformen. Det er fint å tenke lokal profil, men det har og vore forvirrande. Her i Ål gjorde sokneråda i Leveld, Torpo og Ål ulike vedtak. Til dømes i val av bønner, òg når ein skulle sitja og stå.

Tanken med ei ny gjennomgang av gudstenesta, er å gjere det mest mogeleg

likt frå kyrkje til kyrkje. Både i kommunen, prostiet og ut over landet.

Endringar

Det felles soknerådet for Leveld, Torpo og Ål har mellom anna gjort vedtak om at vi skal stå under første og siste salme. Samlingsbøn og syndsvedkjenning skal vere lik i alle tre kyrkjer.

Vi skal synge eit hallelujaomkvad før og etter lesing av evangelieteksta. Dette er ikkje lenger valfritt. I samband med syndsvedkjenning og når vi minnst dei døde, vil vi bruke andre ord enn tidlegare. Men det vil vere likt i alle tre kyrkjer. Det same gjeld dei forenkla gudstenestene som er særleg retta mot born og ungdom.

Når det gjeld liturgisk musikk, vil vi vidareføre melodiane vi har nytta til no. Vi vil i tillegg bruke folkemusikk-liturgien som er blitt til her i Ål.

Justeringane i gudstenesteordninga vil gjelde frå 1. pinsedag 2021.

100 ÅR SIDAN INGEBORG SKJERVHEIM VART FØDD

Det store forbildet

Det er i år eitt hundre år sidan Ingeborg Skjervheim vart født og samstundes vel 30 år sidan ho kom heimatt til Ål for godt, etter å ha vore misjonær og jordmor i Tansen i Nepal i over ein mannsalder. Mange hugsar denne misjonskjempa. For eit mot denne dama måtte ha! For eit forbilde! For ei inspirasjonskjelde!



Kyrkjekaffi med misjonærane Odd Hoftun (t.v.), Ingeborg Marie Hoftun og Ingeborg Skjervheim i 1998. Også ekteparet Hoftun virka i Nepal. Sivilingeniøren Odd Hoftun arbeidde her med å byggja ut vasskraft og industri, ein yrkesskule i Butwal og eit sjukehus i Tansen.
(Foto: Øystein Jetne, Hallingdølen)

AV BIRGER BOLSTAD

Ho vart fødd på Ål i 1921, var den eldste av fem systre, og fekk kallet ved dødsleget til mora. Mykje strev og motgang opplevde ho. I dagboka skriv ho til dømes: «Mismot gjør oss opptatt med oss selv.... Det er det som er hensikten til sjelefienden.» Men ho la alt audmjukt i Herrens hender, alltid, og stolte på han.

Tansens Mor Theresa

Då Ingeborg Skjervheim endeleg var på veg til Nepal, som jordmor og misjonær, sendt ut frå Tibetmisjonen, og frå flyet såg dei høgaste fjella i verda, kom salme 121 i Bibelen til henne:

«Eg lyfter augo mine til fjella. Kvar kjem mi hjelp frå? Mi hjelp kjem frå Herren, som har skapt himmel og jord.» Desse orda vart ei rettesnor for henne, som forfattaren Mirjam Bergh viser i den veldokumenterte biografien «Ingeborg Skjervheim. Mor til tusen» (2009).

I Nepal såg Ingeborg Skjervheim dei store behova til kvinner og born. Ho starta jordmorarbeid og mor- og

born-klinikkar; ho lærte sjølv opp medarbeidarane sine. For her fanst inga form for helseutdanning. Ingeborg Skjervheim meinte sjølv at ho – i alle dei åra ho var i Nepal – hadde tatt mot mellom 2000 og 3000 born som jordmor! Så omtala også lokalbefolkninga henne etter kvart som Tansens Mor Theresa, «Mor Ingeborg av Tansen».

Elska fattige og hjelpeslause

Ei kjent kvinne i Tansen, Laxmi Udhaya, sa dette til biografen:

«Det søster Ingeborg gjorde for Tansen, kan ikke overvurderes. Hun lærte oss hva som skulle til for å gjøre svangerskap og fødsler tryggere for både mor og barn. Hun satte i system forebyggende helseundervisning ved å etablere mor og barnklinikker der det ble undervist om stell av barn, ernæring, hygiene, vaksinasjoner og mye annet som har stor betydning. Dødeligheten har minsket drastisk for både mødre og barn som en følge av det arbeidet som hun tok initiativ til. Hun var plikttro, elsket de fattige og hjelpeløse og behandlet dem

med respekt. Og hun snakket om hver baby som Nepals framtid.» (s.286)

– Du har funne lyset!

Mirjam Bergh reflekterer interessant over kva kristne i det 21. hundreåret kan læra av misjonæren:

Skjervheim var for eksempel skeptisk til formelle teologistudium, men ikkje til kunnskap. For henne var levd liv i fellesskap med Gud alltid viktigare enn teoretisk lærdom.

Ho hadde ei sterk tru på at det i evangeliet var ei stor åndeleg kraft, også til sosial forvandling. Ingeborg Skjervheim såg den store nauda rundt seg og arbeidde for å gjera noko med den.

Forfattaren fortel at Skjervheim hadde ei livsglede og ei utstråling som gjorde noko med menneska rundt henne. Mirjam Bergh trekkjer til dømes fram ei historie med ein hinduprest som ein gong sa til Skjervheim:

– Syster, du har funne lyset! Eg ser det på deg. Fortel meg kvar du fann det!

– Takk til Gud

Ingeborg Skjervheim klarte å byggja bru mellom dei enorme kulturelle og religiøse forskjellane og å få til ei forandring. Ho var også med då den lokale kyrkja vart fødd og dreiv disippeltrening, altså at ho underviste dei nye kristne korleis det kristne livet kunne levast i kvardagen.



Sprek misjonær på hesteryggen. Då Ingeborg Skjervheim kom til Tansen i 1955.
(Foto frå boka)



- Ingeborg Skjervheim (1921-2006) frå Ål. Jordmor og misjonær i Nepal i 33 år
- Fyrste norske misjonær til landet i 1955
- Sendt ut for Tibetmisjonen (frå 2010 kalla Himal-Partner)
- Starta fyrste jordmor-utdanning og var med på å byggja opp helsevesenet i Nepal
- Tok som jordmor mot 2000 – 3000 born
- Fekk kongens fortjeneste-medalje i sølv for sin store innsats

Ingeborg Skjervheim oppsummerte i 1998 tenesta si slik, i fylgje venen og forfattaren Mirjam Bergh: «Mitt hjerte er fylt av takk til Gud fordi han fant meg verdig til å ha denne tjenesten». Og i eit TV-program om Ingeborg Skjervheim, som ligg på YouTube, seier ho at ho ville valt å bli misjonær på ny om ho fekk velja opp att:

«Det er ikkje å kasta bort livet sitt, men det rikaste som kan finnast. (...) Det har fylt mitt liv med lykke.»

SIGRUN KASLEGARD FORTEL Ingeborg Skjervheim sette spor

Då eg var lita jente, var eg ofte med bestemor mi i kyrkja. Eg likte meg der. Når presten stod langt oppå veggen og snakka om noko eg ikkje forstod, så fekk eg lov til å flette håret til hettekjeringane som sat på benken framma meg. Det var nok avtale med bestemor og dei. Fine fargu på bånd og hår inne i mellom. Og så likte eg veldig godt desse fine tonane som organist Tveito trylla fram på orgelet. Det er gode bardomsminne.

Vigsla til misjonær

I 1954 var det stor festgudsteneste i Ål kyrkje. Ingeborg Skjervheim skulle vigslast til misjonær. Då var eg 11 år og saman med veninna mi, Solveig Holm Ragnhildstveit, i kyrkja. Full kyrkje og veldig spennande! Eg trur husmorkoret song under leiing av frk. Hadeland (kjøkkenskulelæraren).

«...Ingeborg såg ut som ein engel.»

Eg hugsar at Ingeborg såg ut som ein engel. Ho hadde kvit fotsid kjole, og så stråla det av ho. Då gudstenesta var over, fekk me beskjed om at klokka 16 var det møte i kyrkja, og då skulle Ingeborg tala. Me måtte skunda oss heimatt å eta middag slik at me kom nedatt i god tid. Dette måtte eg ha med meg.

Eg hugsar berre at kyrkja var full denne gongen og. Eg fekk plass på fremste benk. Det var ikkje så godt å sjå opp på

tarstolen, men eg hørde kva ho sa og forstod det. I stugu på Skjervheim bøygde ho kne og overga livet sitt til Jesus og til teneste i misjonen. Det gjorde inntrykk på ein 11-åring.

Ingeborg sette spor

Eg berre hørde om Ingeborg Skjervheim seinare. Vart aldri kjent med ho som unge og ungdom, men kjente alle systrene og dei som var med i Tibetmisjonen. Og hørde om ho og arbeidet hennar. Etter mange år møttest me på bønnesamling i kyrkjestugu. Ingeborg hadde vore misjonær i Nepal i alle desse åra.

Det som var spesielt då me vart kjente og eg fortalde om opplevinga mi i Ål kyrkja i 1954 og kunne beskrive korleis eg såg for meg stugu der ho bøygde kne ved divan, då lo Ingeborg og sa at den stugu trur eg du har vore i.

Me fekk mange år saman i sakristiet. Det vart på ein måte Tibetmisjonsforening om me ikkje var registrert som det. Ingeborg fekk brev frå Nepal som ho las for oss, og så gav me ei gåve til misjonen på kvar samling.

Til eldre ein blir til tydelegare kjem det fram minne som har vore med å prega tankane mine gjennom livet. Ingeborg Skjervheim var ei av dei som sette spor hjå meg.

Sigrun Kaslegard

Misjonsrådet i Ål

AV LIV MARGIT SØRBØEN

I Ål prestegjeld har det vore eit misjonsråd heilt sidan 1980-talet. Dette rådet skal vera ein pådrivar for å fremje misjon som ein viktig del av kyrkjelydsarbeidet, og i dette rådet sit ein representant for kvar av dei ulike misjonsorganisasjonane samt soknepresten. Her organiserer ein det slik at kvar

misjonsorganisasjon har eit 3-årig prosjekt som dei fokuserer på og som dei støttar økonomisk. Den lokale organisasjonen avtalar med den sentrale om kva prosjekt som kan vera aktuelt. No er det Himalpartner som har det 3-årige prosjektet «Fjellskulen i Nepal», der fokuset er på betre pedagogiske opplegg på ulike skular i Nepal. Det er Himalpartner, Norsk luthersk Misjonssamband, Det norske Misjonsselskap, Normisjonen og Misjonsalliansen

som er dei organisasjonane Ål prestegjeld støttar. Det er som kjent i misjonsbefalinga at Jesus gjev eit oppdrag til læresveiane sine om at dei skal gå ut i verda å forkynne for alle folkeslag, døype dei og undervise dei om den glade budskapen.

Dette er medlemmene i misjonsrådet i Ål: Gunvor Kreken, Liv Margit Sørbøen, Gro Thoen, Tor Sletten, Sigrun Kaslegard og sokneprest Vigdis Moen Storhaug.



Også Ål kyrkjeakademi har måtta avlysa fleire av sine arrangement siste året. Men møtet med Valgerd Svarstad Haugland, som er tidlegare KrF-leiar, statsråd og stortingsrepresentant, no statsforvaltar i Viken, kunne heldigvis arrangerast. Sprudlande Valgerd snakka ope om livet sitt i politikken. Her er ho fotografert saman med syskenbarnet sitt, Arild Øystese Hansen (t.v.), som er nestleiar i Ål kyrkjelege fellesråd, og Steinar Aa i Ål kyrkjeakademi, den gode venen hennar frå Hardanger.

Året som har gått: UTFORDRINGAR OG HÅP

Kva rører seg i kyrkja i Ål i desse korona-tider? Det er langt meir enn det dei fleste kanskje trur. Javisst har kyrkja vore prega av nedstenging og smittetiltak. Mykje har blitt avlyst, men sanneleg er det mange kreative sjeler i kyrkjelege krinsar, både blant tilsette og frivilljuge! Det viser årsmeldingane for Leveld, Torpo og Ål sokneråd, som vart lagt fram på årsmøtet i Ål kyrkje 20. april.

AV BIRGER BOLSTAD (TEKST OG FOTO)

Det er difor ikkje til å undrast over at soknerådsleiar Einar Brattegard og prost Sveinung Hansen – på dette møtet – gav uttrykk for kor imponerte dei er: Les dei mange årsmeldingane frå kyrkje, lag og foreiningar!

Kreativiteten har blomstra

– På grunn av koronapandemien har 2020 vore eit utfordrande og vanskeleg år, heiter det mellom anna i årsmeldinga frå soknerådet. – Her har vore behov for evne og vilje til nytenking og omstilling, og mange har snudd seg rundt og funne nye måtar å gjera oppgåvene på. Dette har vore til stor nytte og glede for kyrkjelyden og folk elles i bygda. Soknerådet takkar alle tilsette for ein fantastisk jobb dette spesielle året.

Stort og viktig arbeid

Diakoninemndene i Nordbygdene, Torpo og Ål gjer eit stort og viktig arbeid, mellom anna står dei kvar år for førebuing og gjennomføring av fasteaksjonen, eldre får jule- og årsmålshelsing, dei skipar til formiddagstreffe, Tru og lys-samlingar m.m. Dessverre har diakoniarbeidet også vore sterkt prega av korona-situasjonen. Fleire arrangement vart avlyst, men optimismen rår. Det diakonale arbeidet er heilt avhengig av frivilljuge som blir takka mykje i årsmeldingane for 2020.

Blomstringssamtalar

Kva er det dei mange frivilljuge medarbeidarar i kyrkja i Ål brenn for? Dette ville diakon Hilde Kirkebøen og kyrkjelydspedagog Kristine G. Andersen finna ut av og kalla hausten 2020 inn frivilljuge til såkalla «blomstringssamtalar», inspirerte, som dei er, av Thomas Sjødin. Her fekk dei to eldsjelene gode innspel og vart meir kjent med dei dyktige medarbeidarane. Samtalane har gjort det lettare å spisse arbeidet når ei anna organisering av «Etter skuletid» måtte planleggjast. Årsmeldinga frå trusopplæringa viser stort engasjement for born og unge i Ål og er kort og godt ein fryd å lesa.

Gudstenestene i 2020

I 2020 var det 58 gudstenester i prestegjeldet, i 2019 var det 85 og i 2018. Forklaringar på denne nedgangen er sjølv sagt koronasmitte og nedstenging, men også prestemangel. Heldigvis har mange av oss kunne gledd seg over digitale gudstenester på nett. Også den lokale kyrkja har her prøvd seg fram og gjort nyttige erfaringar.

Gudstenestedeltakarar i 2020 i kyrkjene våre var 3.784 mot 7.104 i 2019, altså berre halvparten så mange. Men kor mange såg dei digitale overføringane? Tala her er sjølv sagt usikre, men det har vore mange.

I ofring kom det inn til saman 138.395 kr i 2020, mot 318.447 kr året før, altså ein sterk nedgang. Går me meir inn i tala, ser me at ofring til det lokale kyrkjelydsarbeidet gjekk ned frå 68.919 kr i 2019 til 51.122 kr i 2020, viser årsmeldinga. Det er klart at alle merkar ein slik nedgang.

Mange konfirmanter

Talet på konfirmerte held seg ganske konstant i Ål prestegjeld. I 2020 konfirmerte 39 seg, medan talet for 2019 var 37 og for 2018 38. Talet på døypte vart derimot halvert frå 2019, frå 25 til 14 i 2020.

Kia-Ål (kristent interkulturelt arbeid)

Kia-Ål starta opp i februar 2012 og er ein del av Kia-Norge; dette er ein sjølvstendig, økumenisk og diakonal organisasjon. Målet er å skapa møteplassar med likeverd, tillit og respekt, mellom nordmenn og innvandrarar, og jobbe for eit fleirkulturelt fellesskap i kyrkjelyd og samfunn. Hovudarbeidet til dei om lag 40 frivilljuge i Kia-Ål skjer på Kafe TID. Dette er ein integrerings- og arbeidstreningsarena for innvandrarar og folk som treng praksisplass og språkpraksis. Kia-Ål har brukt å arrangera internasjonale 17. mai-frukost saman med flyktingetenesta, sommarfest på kulturhuset, matfestival og markering av FN-dagen, julefeiring på Kafe TID m.m. når ikkje pandemien spenner krokfot på aktivitetane.

Treng fleire medarbeidarar

Styret for Sangeffell Naturkatedral har behov for litt nyrekruttering, heiter det i årsmeldinga. Er det nokon som tek utfordringa? Katedralen skal vera ein stad der hyttefolk og lokalbefolkning kan søkja sin skapar og frelsar. Sjå heimesida www.naturkatedralen.no

VI GÅR I KYRKJA

MAI

17.05.2021 Matt 22,17-22

Ål kyrkje 10:00
Torpo kyrkje 11:00
Leveld kyrkje 11:30

23.05.2021 Joh 14,15-21

Ål kyrkje 10:00
Leveld kyrkje 12:00

30.05.2021 Luk 10,21-24

Ål kyrkje 11:00

JUNI

06.06.2021 Joh 3,26-30

Leveld kyrkje 11:00
Ål bygdemuseum 13:00

13.06.2021 Joh 1,35-51

Torpo kyrkje 11:00

19.06.2021 Joh 1,35-51

Kyrkjeparken 12:00

20.06.2021 Matt 16,24-27

Ål kyrkje 11:00

27.06.2021 Matt 7,21-29

Leveld kyrkje 11:00

JULI

04.07.2021 Matt 16,13-20

Vats fjellkyrkje 11:00
Torpo kyrkje 11:00

11.07.2021 Luk 19,1-10

Ål kyrkje 11:00
Vats fjellkyrkje 11:00

18.07.2021 2 Kor 8,9-15

Vats fjellkyrkje 11:00
Leveld kyrkje 11:00

25.07.2021 Joh 8,2-11

Nystølskyrkja 11:00
Torpo kyrkje 18:00

AUGUST

01.08.2021 Matt 18,21-35

Ål kyrkje 11:00

08.08.2021 2 Mos 20,1-17

Leveld kyrkje 11:00
Sangefjell
naturkatedral 13:00

15.08.2021 Luk 8,1-3

Torpo kyrkje 11:00

22.08.2021 Luk 12,41-48

Leveld kyrkje 11:00
Ål kyrkje 19:00

29.08.2021 Luk 17,7-10

Ål kyrkje 11:00

SEPTEMBER

05.09.2021 Luk 10,38-42

Torpo kyrkje 11:00
konfirmasjon

11.09.2021 Luk 10,38-42

Ål kyrkje 11:00
konfirmasjon

12.09.2021 Matt 5,10-12

Leveld kyrkje 11:00
konfirmasjon

19.09.2021 Luk 7,11-17

Ål kyrkje 11:00
konfirmasjon

DØDE

Ål

07.02.2021	Konrad Ekeli	f.1932
14.02.2021	Åsta Håheim	f.1935
22.02.2021	Magne Fluto	f.1953
20.03.2021	Odd Bakken	f.1969
25.03.2021	Knut L. Bråten	f.1953
08.04.2021	Elida Fluto	f.1925

Leveld

29.01.2021	Nils Ellingsgard	f.1928
08.03.2021	Solveig Oleivsgard	f.1930

Torpo

16.02.2021	Oline Slåtten	f.1927
15.03.2021	Arvid Bråten	f.1947
31.03.2021	Johanna Maria Birkeflot	f.1933
04.04.2021	Marta E. Myhre	f.1927

BLI MED PÅ FERIEDAGAR I KYRKJA

BUK 21.-23. juni 2020

*Fellesskap – Skaparglede
Latter – Vennskap*

For deg som er ferdig med
1. trinn – 4. trinn.
Juniorleiarar (frå 5.trinn)



SOMMARFEST OG ELDRE-SUNDAG

Diakon Hilde Kirkebøen planlegg sommarfest ute på Ål camping måndag 31. mai. Dersom det er mogeleg, blir det kyrkjesundag for eldre 23. mai i Leveld, 13. juni på Torpo og 20. juni i Ål. Det er førebels ikkje aktuelt med formiddagstreffe eller sommartur.

TV-overførte gudstenester

No kan alle som bur på sjukeheimen sjå og høyra gudstenestene i Ål kyrkje direkte på sin TV. Det er ein eigen kanal for dette, kanal 14.



Samtaler for par, familier og enkeltpersonar.
Kommunikasjon, konfliktløsning, foreldre-
rettleiing, mekling m.m. Tilbodet er gratis

Tlf. 32 12 33 44

www.familievern.no • www.bufetat.no

Sorggruppe

Ønskjer du å vere med i sorggruppe,
eller oppfølging om sorg?
Kontakt kyrkjekontoret på tlf 3208 6161
eller diakon tlf 4045 5783.

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut til 8. september. Stoff til bladet må leverast kyrkjekontoret/epost: aal.kyrkje@hallingnett.no innan 9. august 2021.



Over: Thomas Jordet Ropstad og Hannah Ågotnes
Alvseike leikar. Titt tei! (Foto: Marianne Ågotnes)

Under: Eit flott trekløver. Tormod, Gunhild og
Johannes Prestegård Opsata. (Foto: Gerd Kristin Opsata)



Påskevandring 2021

Påsken 2021 skriv seg også inn i historia. Ei påske utan feiring i kyrkja. Heldigvis kunne vi feire påske likevel. Utanfor dei tre kyrkjene våre laga vi til ei påskevandring. Her kunne barn og vaksne undre seg over og bli kjend med påskeforteljinga. Det var oppgåver som oppmuntra til lek, undring og glede. Dei som hadde med seg mobiltelefon, kunne få påskesongar rett frå Spotify gjennom ein QR-kode.

Vi er så glade for alle dei som gjorde vandringa til ein del av påskefeiringa.

Kristine G. Andersen



Over: Sienna kosar seg med bestemor Liv Solberg i
Leveld. (Foto: Ingvar Solberg)

Under: Tøffe gutar i Torpo, Embrik og Sivert Berglund
Flatland. (Foto: Øyvind Flatland)



Luringar. Jonas og Emil Opsata.
Foto: Gerd Kristin Opsata)



VERDAS MILJØDAG OG SKAPARVERKETS DAG

Ål kyrkje er grøn kyrkje og vil markere verdas miljødag 5.juni med utegudsteneste på museet dagen etter. Same helga blir det urtekurs på museet med Trygve Olaf Lindvik som kurshaldar. Det blir også kyrkjekaffe med god suppe, ferskt brød, kaffe, te, lappar og kvikaku, samt musikkinnslag, blant anna keltisk musikk.

Ingunn Hallingstad Medgard vil presentere Ål marknadshage som startar sommaren 2021. Der skal ho dyrke mellom 30 – 40 ulike grøn-saker, urter og blomar som ein kan ete. Alt blir dyrka utan plantevernmidlar og kunstgjødsel.

Verda står overfor store utfordringar mellom anna knytt til klimaendringar, plastforsøpling, og urettferdig fordeling. I 2015

vedtok verdas leiarar FNs bærekraftsmål for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Norge har forplika seg på desse måla, og Den norske kyrkje vil vere med å ta vår del av ansvaret for å verne naturen og jobbe for meir rettferdig fordeling.

Hilde Kirkebøen, diakon